



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjarte av Bergen og har våre røter tilbake til grunnlegginga av Bergens Museum i 1825. Vårt viktigaste bidrag til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning over ei stor fagleg breidde.

Gruppeleiar (senioringeniør/overingeniør)

Ved IT-avdelinga, seksjon for applikasjonar, vert det lyst ut ei stilling som gruppeleiar (senioringeniør/overingeniør) for produksjonsgruppa

IT-avdelinga skal produsere og levere IKT-tenester til studentar og tilsette som effektivt stør opp under universitetet sine målsetjingar og verdiar. IT-avdelinga er ein felles ressurs for heile UiB og avdelinga har eit aktivt og kompetent miljø. Vi leverer eit breitt spekter av IT-tenester innan brukarstøtte, applikasjonar og infrastruktur, basert på sentraliserte driftsopplegg. Avdelinga har tatt i bruk ITIL-rammeverket for organisering av tenesteleveransar. Seksjon for applikasjonar har ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av tenester.

Seksjon for applikasjonar har oppretta ei ny gruppe som skal handtera alle produksjonsoppgåver som gjeld applikasjonar, webtenester og databasar. Vi søker ein dyktig personaleleiar med god teknisk forståing til å vera drivkraft i denne gruppa.

Vi kan tilby

- Fast stilling på heil tid i eit aktivt og stimulerande miljø med motiverte medarbeidarar
 - Ein kunnskapsrik og engasjert organisasjon med deltaking i mange spennande prosjekt
 - Løn som senioringeniør etter lønssteg 60-65 (kode 1181) etter kvalifikasjonar. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
 - Flexitid
 - Firmahytte
 - Medlemskap i Statens Pensjonskasse som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Du vil få fylgjande arbeids- og ansvarsområder

- Del av leiargruppa i seksjonen
- Personalleiar for ca 15 høgt kvalifiserte IT-medarbeidarar
- Teknisk sakshandsaming
- Ansvarleg for at gruppa utarbeider og fylgjer gode rutinar for drift

Dine eigenskapar

- Du er sjølvstendig, strukturert og kan arbeida i team
- Evner å handtera mange ulike oppgåver
- Du må vera serviceinnstilt og kunne motivera dine medarbeidarar
- Du er nysgjerrig, opptatt av å finna gode løysingar og har god arbeidskapasitet
- Du har gode kommunikasjonsevner (munnleg/skriftleg på norsk og engelsk)

Kvalifikasjonar

- Søkjarar må ha interesse for teknologi og erfaring frå arbeid i eit IT-fagleg driftsmiljø
- Høgre utdanning, sivilingeniøreksamen eller master, eller tilsvarende kvalifikasjonar oppnådd gjennom lengre praksis og relevant etter- og vidareutdanning.
 - Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar for stillinga som senioringeniør, vil det verte vurdert å tilsetje ein person som overingeniør. Overingeniør vert løna etter lønssteg 52-60 (kode 1087) etter kvalifikasjonar.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar Sidsel Storebø, tlf 555 84084/917 15 450 eller IT-direktør Thomas Evensen, tlf. 555 84230/ 932 48 084

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida "Søk denne stilling" til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknaden skal merkast: 12/5478

Søknadsfrist: 09.06.2012

Jobbnorge-ID: 83907, Søknadsfrist: Avsluttet